

Til kommunane i Region Nordhordland

Knarvik, 15. januar 2021

Interkommunal plan for sjømråda i Nordhordland – utkast til planprogram

Viser til tidlegare vedtak i kommunestyra om å delta i Interkommunal plan for sjømråda i Nordhordland.

Arbeidsgruppa har utarbeida eit framlegg til planprogram. Det er også lagt fram ein tidlegare versjon for det Interkommunale planutvalet (IKPU) i møte 11.12.2020.

For å sikre ein god forankring i kommunane vert no eit utkast til planprogram sendt til kommunane for gjennomsyn og orientering. Det er naturleg at utkastet til planprogram vert lagt fram for planutvalet (formannskapet) i kommunen til orientering og innspel. For å halde tidsplanen må vi få skrifteleg tilbakemelding innan 28. februar.

Innspela frå kommunane vil bli lagt fram for IKPU og vil bli vurdert i det endelege planprogrammet som IKPU sender ut på offentleg høyring. Planen er at det skal skje i mars månad.

Med venleg helsing

Bent Gunnar Næss (sign)
Prosjektmedarbeidar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Kristin Nåmdal (sign)
Leiar i arbeidsgruppa